

Bacheloroppgåve


Rebekka Bruteig

"Ein folkeaksjon mot politisk korrektheit"

Ei kvalitativ studie av argumentasjon, logikkar og representasjonar i klimadebatten.

Bacheloroppgåve i Sosiologi

Mai 2019



Rebekka Bruteig

"Ein folkeaksjon mot politisk korrektheit"

Ei kvalitativ studie av argumentasjon, logikkar og representasjonar i klimadebatten.

Bacheloroppgåve i Sosiologi
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



Innhald

1.0 Innleiing	2
1.1 Ein kompleks klimadebatt.....	2
1.2 Samfunnkontekst og sosiologisk relevans	3
1.3 Problemstilling	4
1.4 Oppgåva vidare.....	4
2.0 Teori.....	5
2.1 Diskursteori.....	5
2.2 Klimalogikkar og verdiordenar.....	6
3.0 Metode.....	9
3.1 Forskingsprosessen.....	10
3.2 Analysa.....	10
3.3 Reliabilitet, validitet og relevans	12
4.0 Analyse.....	13
4.1 Dei ti klimalogikkane.....	13
4.2 Argument som ikkje passa inn i <i>ein</i> logikk	17
4.3 Representasjonar i debatten	17
5.0 Drøfting.....	18
5.1 Kva logikkar kjem til syne i Debatten-episoda “Elitetenking”?	18
5.1.1 Er dei ti klimalogikkane tilstrekkelege for å forklare mine funn?.....	21
5.2 Representasjonane av folket i Noreg og klimasaka	22
5.3 Korleis samsvarar representasjonane og logikkane?	23
6.0 Avslutning	25
Litteraturliste.....	27

1.0 Innleiing

1.1 Ein kompleks klimadebatt

Klimadebatten i dag er stadig synleg i media og har blitt noko ein “må” forhalda seg til. Å gjere klimavenlege endringar som å velje bort kjøt vert sett på med interesse særleg for dei “unge”, sjølv om det er denne gruppa som et mest kjøt (Bugge & Alfnæs, 2018: 12, 80-82). Det kan verke som idealet og praksisen er vanskeleg å samkøyre, og å gjere endringar i eigne vanar er lettare sagt enn gjort. Det kan også henge saman med at nordmenn er informerte, men ikkje alarmerte nok til å gjere slike endringar (Barndon, 2019). Samstundes har vi eit sjølvbilete som miljøvenleg nasjon, og med konsensus om at klimaendringane eksisterer og er menneskeskapte (Swensen, 2013). Korleis dette vert vidareført i klimadebatten i dag og korleis vi forheld oss til klimaendringane synest eg er interessant, og er noko denne oppgåva utforskar.

I episoda “Elitenking” frå NRK-programmet Debatten vert Slagsvold Vedum (SP) utspurd om eit sitat frå eit tidlegare intervju, der han lover «folkeaksjon mot ‘politisk korrekthet’ som at folk skal spise mindre kjøtt og at det beste er å gå, bruke sykkel eller elbil til jobb, og at det er bra med ulv» (Norsk rikskringkasting [NRK], 2019). Det er denne episoda eg har valt å analysere med tanke på dagens breie klimadebatt. Her vert tiltak som krev innsats og endringsvilje frå enkeltmenneskjer kritisert særleg fordi dei ikkje vil fungere og ikkje har rot i realitetane, om ein ser på politisk korrektheit som det som er “riktig” diskursivt, men ikkje reelt (Krogstad, 2019). Debatten-episoda som handlar både om klima- og ulvesaka, har ein gjennomgåande tematikk om konflikt mellom folket og ein elite. Rundt den same tida debatten vart sendt tidleg 2019, var det også kritisert at ein stor “klimaelite” skulle reise med privatfly til Davos for å snakke om klima (Bakken, 2019; Eriksen, 2019). I tillegg var Gunnhild Stordalen i vinden med EAT-rapporten som foreslo eit klimavenleg og berekraftig kosthald, samstundes som ho flaug “jorda rundt” for å snakke om dette (Westhrin, 2019). Ho vart kritisert for å vere hyklersk – men rettferdigjorde flyginga med kjøpe av klimakovtar og at “måla heilagar midla” i arbeidet hennar. Dette konflikt-perspektivet har vore mitt bakteppe frå byrjinga av forskingsprosessen, og eg vil i denne oppgåva utforske på kva verdigrunnlag og med kva språk vi snakkar om klimaendringar og - tiltak i ein stadig meir kompleks klimadebatt (Arnslett, Bjørnæs & Lannoo, 2018/09: 4).

1.2 Samfunnskontekst og sosiologisk relevans

Konteksten rundt klimadebatten ser eg som også viktig å presentere kort, for å gje ei samanheng med andre strøymingar i samfunnet. Tillit til forsking, og særleg klimaforskinga, er del av grunnlaget for kva verkelegheitsbilete ein har og kan påverke handling (Bratberg, 2017: 35). I ei undersøking kjem det fram at nordmenn har størst mistillit til samfunnsforskjarar og klima- og miljøforskjarar (Kristiansen, 2017). Det kjem også fram at ein har blitt meir kritisk til eliten i samfunnet. Krogstad har gjort ei analyse av kultureliten i medieoppslag, og finn at politisk korrektheit vert eit kjenneteikn på denne gruppa (2019). Dette er i kontrast til folket sine *realistiske* politiske og økonomiske rammeverk. At eliten ikkje vert sett på som realitetsorientert, kan vere ein grunn for mistilliten og kritikken. På det politiske nivået kan ein sjå at det seinaste statsbudsjettet framhevar klimaspørsmålet og viser at politikken i dag i stor grad er styrt av saka (Finansdepartementet, 2018). Som ei av prioriteringane for regjeringa i 2019 presenterer dei å “oppfylle Norges klimaforpliktelser”, der dei fokuserer på klimatiltak innan transport, kollektivtransport i byane og jernbane (Finansdepartementet, 2018: 9).

Sosialkonstruktivismen ligg som grunnperspektiv i denne analysa når eg analyserer diskurs og verdiar, fordi eg ser språket som viktig i konstruksjon av grupper og i legitimering av handling (Johannessen, Rafoss & Rasmussen, 2018: 66-67). Korleis klimadebatten går føre seg og korleis ein vurderer klimaendringane er definande for kva politikk som vert satt til live, og dermed også for endring eller stabilitet i samfunnet. Diskursanalysa har språket som studieobjekt og vert i mi oppgåve brukt saman med ei analyse av *klimalogikkar*, basert på teori om verdiordenar som tek føre seg ulike former for legitimeringar og verdsettingar (Johannessen et al., 2018 : 50-52; Boltanski & Thévenot, 2006: 32,130-131). Å studere diskursar kan gi kunnskap om både kva som er tatt for gitt i samfunnet og kva tankesett som er rådande (Johannessen et al., 2018: 55-60). Studiar av meiningsinnhald er viktig særleg i kultursosiologien og er kopla til kunstfeltet sidan å søke etter mening er sjølve poenget, men gir i samfunnsvitskapen eit innblikk i blant anna ideologiske strømmingar i samfunnet (Larsen, 2013: 12-13; Bratberg, 2017: 37-43). Boltanski og Thévenot har vore dominerande i ein tradisjon der meiningsinnhald vert sett i samanheng med kollektive verkelegheitsbilete og legitimeringar. Her ligg fokuset på kva som ligg *bak* argumenta, og kan gi innblikk i kva som til ei kvar tid og i ulike situasjonar er sett på som legitime verdiar (Larsen, 2013: 42-43).

I denne oppgåva bruker eg særleg dei «ti klimalogikkane» frå studia som Haugseth, Huseby og Skjølvold har gjort om klimatiltak i den norske offentlege debatten (2016). Bacheloroppgåva fungerer også som ei vidareføring av denne studia, for å sjå korleis det i dag står til med den norske offentlege klimadebatten. Eg vil i teoridelen ytterleg forklare samanhengen mellom klimalogikkane og det som dei er inspirert av; Boltanski og Thévenot sine verdiordenar. Men dei er begge basert på at ein i studiar av kritikk kan finne verdiar og legitim argumentasjon, som ein kan kople til generelle ordenar eller logikkar. Med dette grunnlaget vil eg presentere problemstillinga for oppgåva.

1.3 Problemstilling

Kva logikkar kjem til syne som grunnlag for argument i klimadebatten, og korleis dekker dei ‘ti klimalogikkane’ Debatten-episoda? Med denne problemstillinga legg eg til rette for å sjå på argumenta som vert fremja i NRK-Debatten “Elitenking” med ei meir teoritung forankring. Eg vil analysere argumenta med bruk av teori frå Haugseth et al. (med inspirasjon frå Boltanski og Thévenot), for å sjå kva logikkar argumenta spring ut i frå, og kva verdiar og legitimeringar som vert dominerande i dei. Eg vil sjå på korleis aktørane nettopp legitimerer – *eller delegitimerer* – meningar ut i frå ulike logikkar. Gjennom andre del av problemstillinga vil eg undersøke om dei ti klimalogikkane er relevante for klimadebatten i Debatten-episoda, om der er manglar på eller overflødige logikkar. Her vil også Boltanski og Thévenot sine originale generelle verdiordenar vere verdt å vurdere, sjølv om eg ikkje får via plass til ein ordentleg gjennomgang av dei. I tillegg til dette vil seg sjå på:

Kva representasjonar kjem fram i Debatten-episoda, og kan dei henge saman eller gi mening til saman med logikkane? Representasjonar kan gi eit inntrykk av kven aktørane vil henvende seg til og kven dei snakkar for. Gjennom denne underproblemstillinga vil eg kortare undersøke kva representasjonar dei ulike aktørane i mitt datamateriale fremjar. Eg vil drøfte om representasjonane og logikkane saman kan fortelje oss noko meir om korleis verdiar og verkelegheitsoppfatningane heng saman.

1.4 Oppgåva vidare

Eg har no skissert tematikken for oppgåva og problemstillingane eg vil svare på. Vidare vil eg beskrive diskursteorien og klimalogikkane som eg vil bruke, og kva dei kan hjelpe til med for å

forstå datamaterialet. Etter dette vil eg greie ut om metodeval og korleis eg har gått fram i forskingsprosessen og korleis eg har gjort ei “tosidig” analyse. Så kjem eit analysekapittel om funna, basert på logikkane og diskursmetoden. Desse vil eg diskutere i drøftingsdelen opp mot kvarandre og teoriane eg skal beskrive. Til slutt vil eg gjere nokre slutningar eller ettertankar ut i frå det eg har funne og diskutert i denne oppgåva.

2.0 Teori

Eg har valt å ta eit utgangspunkt i pragmatisk kultursosiologi, og vil bruke teori om logikkar frå Haugseth et al., som basert på verdiordenar etter Boltanski og Thévenot sin tradisjon (2016; Larsen, 2013:42-47). Eg vil også gjere diskursanalytiske grep for å komplimentere verdiordenane, med å sjå på representasjonar i debatten.

2.1 Diskursteori

Diskursanalyse som metode og teori er mangfaldig, og eg har valt ut nokre spesifikke omgrevsverktøy frå diskursteorien (Jørgensen & Phillips, 1999: 14; Bratberg, 2017: 32-37). Med sosialkonstruktivismen som bakteppe er eg interessert i korleis forståingar vert akseptert som sanne, og vil bruke diskursteori som ein veg inn i dette (Jørgensen & Phillips, 1999: 13, 32). I tråd med ei post-strukturell tilnærming og likt E. Laclau og C. Mouffe, ser eg betydning som stadig redefinert i diskurskampar (Jørgensen & Phillips, 1999:34-35). Diskursanalysens formål er å kartlegge desse kampane, i den poststrukturalistiske tradisjonen (Jørgensen & Phillips, 1999: 35-36). Endring av meiningsstrukturar skjer gjennom forhandlingar, einigheiter og konfliktar. Laclau og Mouffe ser på *all praksis* som diskurs, i motsetnad til i kritisk diskursanalyse og særleg Fairclough, som ser eit skilje mellom diskursen og den sosiale praksis (Jørgensen & Phillips, 1999:15, 28-29).

Ut i frå dette post-strukturelle diskursanalytiske grunnlaget, vil eg presenterer nøkkelomgrep eg vil bruke. *Representasjon* er mitt hovudverktøy, fordi det er i konkrete representasjonar at diskursane vert synlege (Johannessen et al., 2018: 58-59). Jørgensen og Phillips beskriv ein representasjon som ein type talsperson for ein gruppedanningsprosess, som representerer gruppa si identitet og vilje, og i sine ord verkeleggjer gruppa (1999: 56-58). Representasjonar kan også

sjåast som språklege framstillingar av *fenomen* (Johannessen et al., 2018: 52-53). Om nokon beskriv eit fenomen, vil dei *representere* fenomenet fordi dei har ei forståing som *kan* skilje seg frå andre. Difor er beskrivinga berre ein representasjon, ikkje fakta. Eg vil bruke representasjon definert både ut i frå grupper og fenomen, fordi gruppedanning også kan behandlast som fenomen. Representasjonane som vert fremja i diskursane *kan* påverke handling, fordi dei kan bli del av eins verkelegheit (Jørgensen & Phillips, 1999: 58).

Diskursiv kamp er kampen for kva som er den “*riktige*” måten å forstå fenomen på, og kva representasjonar som hevdar seg i samfunnet (Bratberg, 2017: 46-48; Jørgensen & Phillips, 1999: 53). Kampane om definisjonsmakt skjer stadig og utan at definisjonane kan fastsetjast for godt, slik at det heller er snakk om midlertidig hegemoni (Jørgensen & Phillips, 1999: 47, 60-61). Ein ser hegemonien som meir ustabil og flyktig enn i f.eks. kritisk diskursanalyse (Bratberg, 2017: 46-47). Den hegemoniske diskursen om klima dei siste åra, antek klimaendringane som reelle og menneskeskapte, og “*klimarealistane*” står for eit anna perspektiv som ikkje er like anerkjent (Swensen, 2013).

2.2 Klimalogikkar og verdiordenar

Boltanski og Thévenot har utvikla ein teori om verdiordenar for å forstå legitimiseringsprosessar (2006: 32-35). Ein verdiorden har eit sett med spesifikke verdiar, altså kva som er sett på som legitimt og det “*rette*” å gjere og meine (Boltanski & Thévenot, 2006: 27-28). Teorien er ein *sosiologi om kritikk*, der ein ser etter kva kritikaren sjølv baserer seg på av verdiar og kva verdiar den kritiserer hos andre (Larsen, 2013: 43). Ein verdiorden er ein spesifikk måte å tolke omverda på, med verdsettingane som høyrer med, og kan bli brukt av ulike aktørar i ulike situasjoner (Boltanski & Thévenot, 2006: 16-17). Som tolkingsramme kan ein sjå likheiter med diskursomgrepet, men verdiordenane har meir fokus på *aktøren*. Larsen skriv at verdiordenane er “*systemer av logikker som fastsetter det som anses som verdig i et evaluatingsrepertoar*” (2013: 44). Det er slike logikkar med spesifikke verdsettingar som kjem til syne i argumentasjon, som Haugseth et al. bruker i si studie, og fungerer som eit forenkla metodisk verktøy av verdiordenane (2016).

Haugseth, Huseby og Skjølvold har utvikla ti klimalogikkar ut i frå norsk offentleg debatt om klimatiltak mellom 2007-2013, og er inspirert av Boltanski og Thévenot (2016; 2006).

Hovudfunna var at marknadstenking (f.eks. kjøp av klimakvotar) vart meir kritisert i perioda, medan klimatiltak med industrielle og teknologiske løysingar fekk større plass. Dei ti klimalogikkane er i ulik grad basert på fem av dei seks originale verdiordenane til Boltanski og Thévenot og Thévenot si studie av “grøn verd”. I tillegg har Haugseth et al. kome med fire logikkar som er “lokale tilpasninger, eller kompromiss, med gyldighet på feltet” (2016). Eg vil vidare presentere desse, men vil også bruke Boltanski og Thévenot for å utdjupe nokre av logikkane. Eg skriv også kort kva kritikk *mot* logikkane vert brukt, ut i frå Haugseth et al. si studie, som vert ein meir overkommeleg versjon enn Boltanski og Thévenot sin “Critical Matrix” med kritikkar på tvers av alle verdiordenane (2016; 2006:237-273). Dei fire siste logikkane eg presenterer er Haugseth et al. sine nyutviklingar.

Grøn logikk

I den grøne logikken vert naturen og bevaring av den verdsett høgst (Haugseth et al., 2016). Eg ser også å minske klimaavtrykk som del av denne logikken, sjølv om det i nokre tilfeller kan stå i konflikt med å bevare naturens integritet. Kritikken mot grøn logikk kan vere at vi ikkje bør ha ulv i sitt naturlege antall, eller at ein bør plante skog (Haugseth et al., 2016).

Industriorientert logikk

Denne logikken sentrarast særleg rundt det effektive og produktive – det ein i industrien ville verdsett (Haugseth et al., 2016). Likt Boltanski og Thévenot sin industrielle verdiorden, er det som fungerer, er planlagt og forutsigbart som er viktig (2006:203-209). Argument som rangerer tiltak er vanleg, for å kunne optimalisere og prioritere kva som vil vere mest effektivt. Kritikken mot denne logikken er at planlegging ikkje er nok og at ein ikkje taklar spontanitet.

Forenklingslogikk

Denne logikken bygger på verdsetting av det som forenklar, anten gjennom å gjere noko meir forståeleg eller å gjere noko enklare i praksis, som mindre byråkrati (Haugseth, 2014; Haugseth et al., 2016). Det er også kritikk mot “lettvinte løysingar” i denne logikken, og at det å fjerne kompleksitet kan gjere at ein ikkje eigentleg skjønar og klarer å løyse problem.

Marknadslogikk

Ein marknadslogikk legitimerer at “riktig pris skal gi riktig handling”, og er basert på marknads-verdiordenen (Haugseth et al., 2016; Boltanski & Thévenot, 2006: 195-200). Konkurranse er riktig framgangsmåte, og folkets ønsker er det som er verdt noko. Økonomisk langsiktigkeit, sparing, styring og øyremerking av midlar er verdsette klimatiltak (Haugseth et al., 2016). Kritikken mot logikken er bl.a. at riktig pris ikkje alltid gir riktig handling, at det ikkje er mogleg å prissetje klimatiltak, og ut i frå det vert kvotesystemet er særleg kritisert.

‘Forbilledlig’ logikk

I den forbilledlege logikken er symbolsaker viktig som eksempel på korleis å gjere noko, og som vert verdsett fordi dei er kjende (Haugseth et al., 2016). Den er basert på verdiordenen for berømtheit, der offentleg opinion er viktigast og suksess, gjenkjenbarheit og merksemd er høgt verdsett (Boltanski & Thévenot, 2006: 178-185). Kjende profiler og symbolsaker er sentrale, og kan bli opinionsdannande. Kritikken (som Haugseth et al. ikkje utgreier) kan vere at symbolsakene vert ideal som ikkje fungerer universelt i alle situasjonar.

Kollektiv logikk

Kollektiv logikk verdsett det som involverer alle eller mange (Haugseth et al., 2016). I Boltanski og Thévenot sin «civic world» er det særleg sivile rettar, medlemskap, solidaritet, lovverk og oppslutning om staten som er viktig (2006: 185-193). Kritikken mot det kollektive er bl.a. at ein har ulike problem og ansvar. I klimadebatten kan ein meine at det er velståande land som bør innføre tiltak, eller at det er land med størst utslepp som først må gjere endringar (Haugseth et al., 2016).

Teknologisk-orientert logikk

Den teknologisk-orienterte logikken som Haugseth et al. legg fram, verdsett nyutvikling og innovasjon (2016). Dette er den første nye logikken dei argumenter for, som tidelegare har vore *under industriell verdiordenen*. Dei ser ei verdsetting av nyutvikling som ikkje treng å henge saman med effektivitet og produktivitet, som skil den frå den industrielle. Dei legg ikkje fram kritikk, men el-bilmotorar si därlegare rekkevidde enn dieselmotorar kan vere eksempel på det.

Disiplinerande logikk

Denne logikken verdsett disiplin, og helst gjennom “piskens” (Haugseth et al., 2016). Det kan vere avgifter, skatt, bøter o.l. Logikken er uteia av den heimlege ordenen, der ein verdsett sosialisering, ansvarsfordeling og tradisjon (Boltanski & Thévenot, 2006: 170-173). Den disiplinerande logikken tek sosialiseringa ut frå heimen, og til staten. Kritikk mot logikken kan vere at straff ikkje fremmer endring eller at menneska blir innskrenka urimeleg av slik disiplin.

Belønningslogikk

Det omvendte av disiplinerande logikk – er belønningslogikken. Her er det også slik at ein til “riktig pris gjer riktig handling”, berre at det er snakk om belønning i etterkant av ønska handling (Haugseth et al., 2016). Kritikk kan vere at ein bruker for mykje av budsjettet på belønning (som subsidiar og momsfriftak) og at ein har mindre til andre institusjonar og saker.

Kunnskapslogikk

Kunnskapslogikk er basert verdien av kunnskap, forsking og nytenking (Haugseth et al., 2016). Likt med industrilogikken, er det viktig med gode tiltak som treff riktig, men her er det kunnskapen som er verkemiddelet. Informasjonsflyt, rasjonalitet og oversikt er viktig i denne logikken. Kritikken kan vere at ein investerer for mykje i kunnskap, slik at det blir for lite til faktiske tiltak.

3.0 Metode

Eg har valt å gjere ei analyse på grunnlag av klimalogikkane som typologi og med representasjonar frå diskursteori. Dette har eg gjort for å undersøkje verdigrunnlag og tatt-for-gitt-heiter i klimadebatten, gjennom mine data som er Debatten-episoda “Elitetenking”. Eg vil vidare forklare vala eg gjorde i forskingsprosessen, korleis eg har gjort analysa og om korleis eg vil vurdere denne oppgåva opp mot kvalitetsmåla.

3.1 Forskingsprosessen

Eg fann tideleg klimadebatten som mitt forskingsobjekt ut i frå ein større debatt om “klimahykleri” tidleg i 2019, som eg har presentert i innleiinga. Eg fann gjennom NRK sine nettsider denne episoda av “Debatten” som også gjekk på klima og konfliktane rundt tema. Eg har altså hatt eit induktivt utgangspunkt, der eg la empirien til grunn for den vidare prosessen (Tjora, 2016: 32-36). Empirien har vore styrande tidleg i prosessen, og har lagt vegen mot ei diskursanalytisk retning då det interessante i det var språket og verkelegheitsoppfatningane som vart brukt. Elles har prosessen i stor grad vore deduktiv i at eg har valt å bruke teorien for å strukturere og finne det interessante i data (Johannessen et al., 2018: 37-48). Teorien eg valte, klimalogikkane og representasjonar, såg eg som passande for å ta føre seg språk og argumentasjon (Jørgensen & Phillips, 1999: 12-13). Fordi eg fann ut at eg i ville sjå etter ei større djupne enn berre å analysere verdiane bak den politiske diskursen, ville eg også inkludere diskursteori gjennom særleg representasjonar og diskursiv kamp (Jørgensen & Phillips, 1999: 57-61). Eg har også vurdert episoda “Elitetenking” som meir enn nok data til mi oppgåve, sjølv om eg ideelt også ville sjå på andre nivå i klimadebatten enn berre på det politiske. Eg har difor valt vekk å bruke kommentarfelt, medieoppslag, statsbudsjett og liknande eller intervju av “vanlege” menneskjer.

3.2 Analysa

Eg transkriberte heile Debatten-episoda med eit dialektnært språk, for å også kunne bevare mitt minne av korleis argumenta blei framført i debatten (Tjora, 2016: 197-199). Eg gjorde så ei empirinær koding med aktørane sine namn knyta til kodane, for å kunne bevare meiningsinnhaldet og kven som uttrykte det. Ut i frå dei har eg gått tosidig inn i analyseprosessen. Først grupperte eg dei empirinære kodane til dei ti klimalogikkane slik at eg kunne få eit overblikk over kva logikkar dei ulike aktørane legitimerte sine argument frå (Haugseth et al., 2016). Det var til saman 173 kodar eg fekk av programmet som varte i 40 minutt – det var mange replikkar frå dei fire politikarane, som eg i størst grad fokuserer på. Eg gjekk så igjennom ein gong til for å korte ned lengre kodar, slik at materialet var meir handterleg, før eg sette dei inn i logikkane. Her inkluderte eg dei fleste kodane i første omgang, uavhengig om temaet var ulvesaka eller klimasaka, men satt dei eg såg kom til å verte

irrelevante, i parentes. Nokre få av kodane kunne ein setje i meir enn ei av logikkane eller så var det usikkert kor dei høyrde til, og dei kommenterer eg på under ‘’anna’’ i analysa.

Etter denne grupperinga ville eg også – i tråd med diskursteorien – sjå på språket og representasjonane som vart brukt, for å få eit bilete av spesifikke eksempel og forståingar aktørane i debatten hadde (Johannessen et al., 2018: 73-74). Med å gjere denne ‘’tosidige analysa’’ har eg fått dykka inn i kva verdiar aktørane legitimerer ut i frå, i tillegg til å kunne dra fram viktige eksempel på forståing som aktørane viser. Eg gjorde ei kortare kodingsprosess for å sjå etter representasjonar, og tok for meg dei som tydelegast vart presentert og omdiskutert når eg såg igjennom episoda. I tillegg synest eg det var viktig å få fram eventuelle ulike representasjonar av klimasituasjonen, så dette såg eg også særleg etter. På den måten vart det noko likt ei observasjonsstudie, der eg hadde ei rolle som fullstendig observatør (Tjora, 2016: 59-112).

Klimalogikkar og diskursteori

Eg har valt å bruke dei ti klimalogikkane som Haugseth et al. har funne som grunnlag for kodegrupperingane, med noko inspirasjon frå Boltanski og Thévenot (2016; 2006). Gjennom analysen vert logikkane brukt som ein typologi, likt med Eikhaug si mastergradsavhandling (2008: 27-28). Dei vert anten forkasta eller framheve etter kva grad dei vert brukt, og eg har vore open for at det kan finnast nye logikkar som mine data også er basert på. Difor har eg ikkje sett det som naudsynt å plassere *alle* kodane inn i typologien – heller tvert om. Med å gjere det på denne måten meiner eg at eg klarar å bevare ein meir empiribasert analyseprosess, sjølv om det i relativt stor grad også er deduktivt arbeid mot slutten av prosessen. Ei svakheit med denne kodegrupperingsprosessen er at eg som forskar må gjere ei tolking av verdiane i argumentasjonane, og kan mistolke aktørens verdigrunnlag (Bratberg, 2017: 52). Likevel er verdiordenane og logikkane ganske godt utarbeidd teoretisk med tanke på kva typar legitimeringar dei kan gi grunnlag for (Boltanski & Thévenot, 2006; Haugseth et al., 2016). Så med ein gong ein argumentasjon ikkje ‘’oppfyller krava’’ til ein verdiorden og logikken ikkje er omrent lik, så kan argumentasjonen ikkje koplast til den heller.

I analysa viser eg funn av representasjonar som eg beskrev i teorikapittelet, og som særleg omhandlar klimaendringane og folkeopprøret (som eg vil presentere i neste del). Den diskursive

kampen vil vere noko eg tek opp meir i diskusjonsdelen. Eg har sett med eit kritisk blikk på kva som blir tatt for gitt særleg i representasjonane, og korleis det kan påverke både debatten, men også praksis (Johannessen, 2018: 55-60)

3.3 Reliabilitet, validitet og relevans

Med å gjere ei slik diskursanalytisk studie med data som berre inneholder eitt debattprogram, er det ikkje haldbart å gjere noko generalisering av funna (Bratberg, 2017: 54). Mitt fokus har vore å gjere eit djupdykk i ein spesifikk "case", men samstundes har eg også brukt logikkane som typologi og som på sitt vis har ei form for konseptuell generaliserbarheit og som eg har prøvd å arbeida ut frå (Tjora, 2016: 245-146).

Med tanke på gyldigheit har eg no og vidare, prøvd å synleggjere både forskingsprosessen med vala eg har tatt, i tillegg til å gjere det tydeleg kva mine data inneheldt og begrensingane det gir med eit mindre datautval (Bratberg, 2017: 54). Eg har også laga problemstillingane vide, men samstundes spissa med tanke på teori og datautval, som gjer at dei lettare kan bli svara på. Eg meiner at teorien eg har valt gir til saman med empirien, ei moglegheit for å gå inn i argumentasjonane og "dekonstruere" dei (Tjora, 2016: 234). At empirien eg har valt representerer klimadebatten generelt, kan ein derimot diskutere, og det vart for meg eit "naudsnyt onde" å avgrense det på grunn av oppgåva sitt omfang.

Forskinga si etterprøvbarheit har sine problem, på grunn av det spesifikke datautvalet og at det i ein diskursanalytisk metode også vil vere påverka av forskaren sine tolkingar (Bratberg, 2017: 54). Pålitelegeita er også avhengig av riktig framstilling av data, som eg meiner eg har klart å bevare gjennom empirinære koder og å så vidareformidla desse argumentasjonane i analysa (Tjora, 2016:235-237). Tolkinga eg har lagt i å gruppere argumenta etter logikk-typologien, kan likevel vere noko problematisk fordi eg *tillegg* dataa verdigrunnlag i denne prosessen, og ein må ta høgde for at feiltolkingar kan skje. Det er også viktig å klargjere min forskarposisjon, og eg vil seie at eg valte temaet ut frå eiga interesse i korleis klimadebatten vart presentert i media (Tjora, 2016: 235). Eg er sjølv av oppfatninga at klimaendringane er reelle og menneskeskapte, og er difor innan det eg ser som den hegemonisk tolkingsramma om klima i dag. Dette kan i verste fall gjere at det er vanskelegare å sjå det som er tatt for gitt i diskursen, fordi eg sjølv gjer det.

Likevel har eg gjort ein innsats i å prøve å forhalda meg objektiv i analysa, og i resten av oppgåva.

4.0 Analyse

Eg vil no vise funna frå Debatten-episoda “Elitetenking”, etter ein presentasjon av aktørane og temaa i programmet (NRK, 2019).

Slagsvold Vedum (SP) er hovudpersonen i programmet, og står på eine sida av rommet mot dei fire andre debattantane på andre sida. Han vert først intervjuet alleine og blir spurta om eit sitat frå eit tidelegare intervju: «Vedum lover folkeaksjon mot ”politisk korrektheit” som at folk skal spise mindre kjøtt og at det beste er å gå, bruke sykkel eller elbil til jobb, og at det er bra med ulv» (NRK, 2019: 03:00). Folkeaksjonen, politisk korrektheit, klimatiltak og ulvedebatt er hovudtema i episoda – som NRK har kalla “Elitetenking”. Bastholm representerer Miljøpartiet De Grønne og vert, bortsett frå Senterpartiet, partirepresentanten lengst mot venstresida. Holm Lønseth (H) og Helgheim (FrP) vert representantar frå regjeringa. Sist i debatpanelet er VG-kommentator Meland, som verker som å ha blitt invitert for å representera bygda i Noreg. I tillegg vert ein historikar og ein forskar invitert for å forklare eliteomgrepene og Senterpartiets historie. Den siste aktøren i debatten var leiaren for Nordnorsk Redaktørforening, Henriksen, som trakk fram dei spesifikke utfordringane i distrikta i Nord-Noreg, og at politikken ikkje ”når fram” dit. Debatteriar Solvang er også aktør i debatten og la relativt sterke føringar for diskusjonen. Han brukte gjerne tid på eksemplar som debattantane hadde, som moralisering av kjøtkakemiddag og folkeaksjonen. I tillegg fekk Slagsvold Vedum(SP) lite taletid til å svare på dei andre sine argument mot han, slik at det til tider vart ein einsidig debatt. Solvang spurte også spørsmål som la føringar for kva debattantane *burde* svare, som ”Du er jo helt sikkert ikke uenig i at folk kan leve – kanskje nå, her, i dette landet, i verdenshistorien – friere enn noe menneske noensinne har kunnet gjøre?” (NRK, 2019: 04:30-05:00).

4.1 Dei ti klimalogikkane

I mine data var det den industrielle, grøne og kollektive logikken som i høgst grad vart ”brukt”. Eg vil diskutere i neste underkapittel korleis nokre av argumenta var fleirsidige og kunne

plasserast i fleire av logikkane. Eg tek først føre meg logikkane i rekkefølgje etter kor synlege dei var, og kva aktørar og argument som kom fram under dei.

Den industrielle logikken

Slagsvold Vedum (SP) argumenterte for å gjere effektive klimatiltak, og kritiserte dagens tiltak som lite effektive. Hans kritikk gjekk bl.a. på sentraliseringssreformer som har fungert kontraproduktivt, og at redusering av kjøttforbruk ikkje er eit effektivt tiltak og er fokusert for mykje på. Han trekk heller fram at CO₂-fond i næringsliv og “aktiv bruk av skog for å binde utslepp” er effektive og produktive tiltak (NRK, 2019: 28-29). Han argumenterer for å fase in elbiler over fleire år, gjennom ein planlagt reduksjon av diesel- og bensin-bilar.

Bastholm (MDG) argumenterer at politikarane må gjere det ”enklest, billigst og trivligst å gjøre de små endringan” og at ein differensiert by- og bygdepolitikk gjer tiltak og politikk meir treffsikkert og effektivt. Meland (kom. VG) seier at det i dag er enkelt med el-bil på bygda, då det er lett å låne straum frå kvarandre sine eineboligar og at det dukkar opp fleire ladestasjonar også der. Holm Lønseth (H) poengterer at det er andre *effektive* klimatiltak enn el-bil, men utan å nemne dei vidare. Henriksen (Nordnorsk Redaktørforening) kritiserer også utvikling som ikkje skjer nord i Noreg, og at det er begrensa moglegheiter for å bruke el-bil der på grunn av kulde, avstandane og därlege vegar. I tillegg vil ein ha jernbane lengre nord enn Fauske, som også er eit form for klimatiltak.

Den kollektive logikken

Det vert argumentert av Slagsvold Vedum (SP) at det finnast eit folkeleg opprør, og Helgheim (FrP) er einig at det finst eller bør finnast, medan dei andre ikkje meiner det finnast. Holm Lønseth (H) meiner Slagsvold Vedum driv ”et kynisk prosjekt” og medverkar til splittelsen mellom by og bygd. Slagsvold Vedum trekk fram at ein har ein elite i byane med mykje makt, som ikkje høyrer på resten av folket særleg på bygda og lengre nord i landet. Han argumenterer for å ”bruke heile landet” og bevare mangfaldet i Noreg, som han ser på som trua av ”moraliseringa” ovanfor livsstilen til folket. Bastholm (MDG) argumenterer for at det er stor oppslutning om å bruke elbil og ete mindre kjøtt, også blant dei lengre nord i landet. Politikarar og enkeltmenneskjer globalt har eit stort ansvar for klimaendringane. Ho meiner også at det er veldig *folkeleg* å vere *for* ulv. Meland (kom. VG) trekk fram at subsidier og momsfriftak er noko

alle kan nytte godt av, uansett kvar ein bur. Helgheim (FrP) kritiserer klimaforliket fordi den gir dårligare vilkår og peiker ut særleg bilistane som fiendar.

Den grøne logikken

Slagsvold Vedum (SP) er tydeleg for klimatiltak – i tråd med å sjå naturen som verdifull. Men han kritiserer ”det grøne skiftet” som han meiner straffar pendlarane. I tillegg kritiserer han moralisering av å ete kjøt og å bevare ulv, så han bruker generelt denne logikken lite. Bastholm (MDG) kjem frå eit parti som særleg verdsett naturen, og uttrykker også at ”vi lev i ei tid med alvorlige klimaendringa” og at bøndene er dei som merkar dei først. Ho argumenterer for å skape ein berekraftig politikk, at ein kan velje bort kjøtt en gang i blant, at MDG vil bevare artsmangfaldet (ikkje skyte ulven), at alle kan gjere små endringar – og det er viktig med politikk som tilrettelegg desse små endringane. Holm Lønseth (H) argumenterer også for å gjere klimatiltak.

Forbilledleg logikk

Bastholm (MDG) seier at Vedum ”sparkar i alle retningar” for å få merksemd, og utnyttar ei oppleving mange har av at makta er langt borte. Holm Lønseth (H) meiner også, i tråd med statsminister Solberg sitt utsagn, at dette er eit ”kynisk prosjekt” for å skape ei splitting som ikkje er der. Ho brukar Meland (kom. VG) si erfaring av at ein kan ha el-bil på bygda som ei symbolsak for moglegitetene i distrikta. ”Tørkesommaren” i 2018 blir tatt fram av bl.a. Bastholm (MDG) som eit bilete på effektane av klimaendringane. Debatteiar nemner fleire gonger at Slagsvold Vedum har uttrykt at han er i leiinga av eit folkeleg opprør, likt dei gule vestane i Frankrike. Slagsvold Vedum repeterer fleire gongar at ein må lytte til folket, og seier at ulvesaka også vert eit symbol på ueinigkeit mellom by og bygd i eit større bilet.

Den disiplinerande logikken

Helgheim (FrP) kritiserer klimaforliket for å ”legge lokk på folks liv”, gjennom avgifter på bil o.l. Han seier regjeringa har senka desse bilavgiftene. Slagsvold Vedum (SP) og han meiner at det skjer ei uønskt moralisering av kjøtforbruk, som Helgheim tileigner den ”politisk korrekta” venstresida. Moraliseringa vert lagt fram som eit sosialt disiplinerande tiltak. Holm Lønseth (H) seier også at moraliseringa ikkje kjem frå høgresida. Holm Lønseth argumenterer for lågare skattar og avgifter, og seier at ”det er også nokke som monner” når ho snakkar særleg om el-bil.

Slagsvold Vedum (SP) seier fleire gonger at ein ikkje må straffe dei som ikkje har råd til ny elbil, og kritiserer slike disiplinerande tiltak. Det er heller eit godt tiltak med CO2-fond i næringsliv, meiner han.

Belønningslogikk

Meland (kom. VG) argumenterer at det går fint å bruke el-bil på bygda, fordi ein får subsidier og momsfriftak likt som elles i landet. Ho meiner at el-bilistane ikkje straffast. Bastholm (MDG) argumenterer for å gjere det billig å gjere små endringar for klimaet, og rose dei som gjer det.

Marknadslogikken

Debattleiar påpeiker at naturen og klimaendringane er særleg viktig for at bøndene skal ha noko å livnære seg på, fordi det trugar moglegheitene for matproduksjonen. Han nemner også at Teslaeigarar har 3 gongar så høg løn som “gjennomsnittet”. Bastholm (MDG) seier, som sagt, at ein bør gjere det billig å gjere små endringar. Særleg Holm Lønseth (H) og Helgheim (FrP) argumenterer for at auka skattar og avgifter ikkje er vegn å gå, fordi det legg begrensingar på folk.

Kunnskapslogikk

Bastholm (MDG) meiner at sidan ein har ulike problem i by og bygd, krev det ulik politikk for å gjere treffsikre tiltak. Ho kritiserer Slagsvold Vedum (SP) for å skape forvirring om kva som minskar klimaavtrykk. Vedum er redd for avsporingar i klimadebatten, fordi ein fokuserer på kjøt føre andre kunnskapsbaserte tiltak. Han begrunnar dei to tiltaka (skogbruk og CO2-fond) med at “Transportøkonomisk Institutt” har sagt det er 60 gangar meir effektivt enn avgiftsauking på drivstoff. Han kritiserer at ein ikkje baserer vedtak på korleis dei kan påverke distrikta.

Forenklingslogikk

Bastholm (MDG) har argumentert for at politikarar bør gjere det bl.a. enkelt å gjere små endringar. Ho nemner å droppe kjøtt av og til og å generelt ”legge til rette” slik det blir enklare for folk å velje klimavenleg. Slagsvold Vedum (Sp) legg fram to spesifikke tiltak – å aktivt bruke skog, og å ha CO2-fond i næringsliv – som er konkrete og effektive.

Teknologisk orientert logikk

Meland (kom. VG) fortel om at det etter henna si erfaring blir stadig fleire ladestasjonar også i distrikta, slik at det vert moglegheiter for fleire med el-bil. Det vert kritisert frå Henriksen (Nordnorsk Redaktørforening) at det ikkje finnast ladestasjonar i Nord-Noreg, og at el-bilane i dag ikkje er optimale til forholda der.

4.2 Argument som ikkje passa inn i ein logikk

Eg vil trekke fram eit par av argumenta som var vanskelege å plassere i ein spesifikk logikk, for å vise at dei i nokre tilfeller trekker på ulike logikkar. Bastholm (MDG) sitt argument at politikarar må gjere det enklast, billigast og trivligast å gjere små endringar, tolkar eg som eit fleirsidig argument. For det første handlar det om å gjere noko enklare for folk (slik som forenklingslogikken), for den andre handlar det om å gjere det billig (særleg marknadslogikk), og for det tredje ein kollektiv logikk fordi det er mynta på befolkinga generelt. I tillegg er bakgrunnen for argumentasjonen ei grøn verdsetting. Denne problematikken vil eg diskutere i drøftingsdelen.

Elles kjem det kritikk frå Slagsvold Vedum (Sp) og Helgheim (FrP) om at det skjer ei moralisering av kjøtbruk og bilbruk, som delvis eg har satt under disiplinerande logikk. Likevel ser eg ein argumentasjon som ikkje konkret handlar om disiplinering gjennom avgifter og skattar. Det er ein kritikk mot staten og eliten si innblanding i privatliv på ein annan måte enn økonomisk.

4.3 Representasjonar i debatten

I Debatten-episoda kjem det fram ein representasjon av ei konflikt mellom folket og eliten, der klima- og ulvesaka underbygger denne forståinga. Gjennom debatten snakkar Slagsvold Vedum for dei som vil minske ulvebestanden, dei i distrikta som får dårlegare tilbod av sentraliseringssreforma, dei som vil ete kjøt og ikkje har råd til ny el-bil. Han framstiller seg som leiaren for eit folkeleg opprør mot politisk korrektheit, som han definerer slik: «‘Politisk korrekthet’ som at folk skal spise mindre kjøtt og at det beste er å gå, bruke sykkel eller elbil til jobb, og at det er bra med ulv» (NRK, 2019). Han kritiserer moraliseringa av kjøtforbruket og seier at når ein et kjøtkakemiddag, blir ein kalla klimaversting. Helgheim (FrP) er einig i at det er ei politisk korrekt gruppe som moraliserer,

og seier dette er venstresida i politikken. Han ser ikkje at det er eit opprør no, men synest det kan trengast.

Bastholm (MDG) ser at å ønske å ete mindre kjøt er noko folk *vil*, og at MDG ikkje ”demoniserer” kjøtforsbruket. Ho argumenterer for at det er folkeleg å vere for ulv. Holm Lønseth (H), Bastholm (MDG) og Meland (kom. VG) har ein representasjon av at det *ikkje* er eit folkeleg opprør, og skil seg frå Slagsvold Vedum si oppfatning.

Debattantane gjer ulike representasjoner av klimaendringane. Bastholm (MDG) uttrykker at ”vi har alvorlige klimaendringa som står rett foran døra”, og at ”både politikere og enkeltmenneska har et stort ansvar der”. I motsetnad til hennar representasjon av klimaendringane som alvorlege, tek Helgheim (FrP) ikkje noko tydeleg standpunkt, til forskjell frå dei andre debattantane. Han gir ingen forslag til klimatiltak, og seier at klimaforliket ”er et blindspor og som legger lokk på folks måte å leve livene sine på”, og at ein burde få ete kjøt slik som ein vil. Han representerer klimaendringane mindre alvorleg enn dei andre debattantane. Holm Lønseth (H), Slagsvold Vedum (SP) og Meland (kom. VG) er positive til klimatiltak, og representerer klimaendringane som meir alvorleg og at vi bør redusere klimaavtrykk.

5.0 Drøfting

Eg har presentert funna i datamaterialet mitt gjennom kva representasjoner som gjorde seg synleg i Debatten-episoda, og kva logikkar dei ulike argumenta passa inn i. Vidare vil eg diskutere kva logikkar som stod seg særleg ut og om dei er dekkande, gjennom å diskutere verdigrunnlaga og legitimeringane debattantane gjorde gjennom sine argumentasjonar (Haugseth et al., 2016). Så tek eg føre meg representasjonane av klimaendringar og av konflikta mellom folket og eliten, før eg ser om desse til saman med logikkane kan gi eit breiare bilete av kva verdiar og forståingar aktørane har til grunn i klimadebatten.

5.1 Kva logikkar kjem til syne i Debatten-episoda ”Elitetenkning”?

I analysa viste eg at den industrielle logikken har gjort seg særleg synleg. Den grøne logikken er også viktig om ein ser på verdsetting av eit mindre klimaavtrykk som del av verdsettinga av

naturen. Etter eg har tatt føre meg desse to logikkane, tek eg føre meg dei mindre relevante og til slutt dei fire minst synlege logikkane i mina data. Vidare baserer eg meg på Haugseth et al. sin artikkel om klimalogikkane, om ikkje anna referanse vert gitt (2016).

Industriell og grøn logikk

Den grøne logikken var forventa å finne i ein klimadebatt, då verdsetting av klima og miljø er grunnlag for å debattere klimaendringane i det heile. I mine data var det likevel den industrielle logikken som var størst og argument om effektive tiltak var sentralt særleg for, sjølv om det var ueinigkeit i kva som er mest effektivt. Men dei industrielle baserte argumenta som tek føre seg *klimatiltak*, meiner eg har grøne verdiar til grunn. Her synleggjer det seg ei problemstilling i korleis ein behandlar verdiordenane etter Boltanski og Thévenot, og Haugseth et al. sine klimalogikkar ut i frå dei (2006; 2016). Logikkane kan tilsynelatande virke mindre tilknytt spesifikke verdiar, og Slagsvold Vedum sitt forslag om aktiv bruk av skog vert industrielt legitimert fordi *effektiviteten* vert det viktige prinsippet, sjølv om grøne verdiar ligg til grunn. Dette kan forståast som *kompromissa* mellom ulike verdiordenar Haugseth et al. forklarer, og som dei nye klimalogikkane også er skapt ut i frå (2016). Desse kompromissa kan ein finne gjerne i spesifikke situasjonar eller tema og, som dei viser i studia, kan bli sjølvstendige ordenar over tid. I mine data kjem det fram eit kompromiss mellom den grøne og den industrielle logikken der det å gjere *effektive klimatiltak* vert fremja i kritikkane. Samstundes kan ein også sjå den grøne logikken som ikkje knyta til klimatiltak, sidan dei kan knytast til bl.a. vindmøller som truger fugleliv og urørt natur. Då kan ein sjå den industrielle logikken som den reine logikken bak effektive klimatiltak. Å redusere kjøtforbruk vert særleg kritisert som lite effektivt tiltak av Slagsvold Vedum, medan Bastholm (MDG) i motsetnad ser på dette som noko som fungerer om alle vel bort kjøt av og til. Hennar verdsetting av fellesskapet leiar meg vidare til den kollektive logikken.

Kollektiv og forbilledleg logikk

Desse to logikkane er på nokre måtar motsetnadar, då den kollektive verdsett fellesskap, medan den forbilledlege logikken verdsett enkeltsaker og -menneskjer som er *kjende*. Slagsvold Vedum sine repetisjonar av å “lytte til befolkninga” og kritikken av maktsentra i byane som fører til splitting, baserer seg på ein slik kollektiv logikk fordi ønsket er at *alle* skal bli høyrd og ha påverknad. Bastholm argumenterer meir for *tiltak* som alle kan ta del i, gjennom små endringar

slik som å redusere kjøtinntaket. Her er altså den kollektive byrden, med ansvaret vi alle har for klimaendringar, legitimeringa også av dei kollektive tiltaka.

Som forbilledleg logikk vert særleg ”tørkesommaren” i 2018 brukt som ei symbolsak av Bastholm (MDG) for å vise klimaendringane som såpass alvorlege at ein burde gjere fleire tiltak. Ho bruker ei allment kjend erfaring der ”tørkesommer”, som kjend i mediebiletet, er assosiert med eit dårleg år for bøndene, og eit symbol på klimaendringane. På denne måten legitimerer ho også å gjere fleire tiltak.

Disiplinerande logikk og belønningslogikken

Desse to vert særleg relevant å diskutere til saman, då dei begge baserer seg på motivering av handling. Men dei har ulike legitime motivasjonar og framgangsmåtar, og som vist i analysa vert den disiplinerande logikken særleg delegitimert og kritisert ut av alle logikkane, når dei snakkar om klimatiltak. Slagsvold Vedum kritiserer at bilistane skal straffast, når dei eigentleg ikkje har *råda* til el-bil. Helgheim kritiserte likeins klimaforliket for å lage fiendar av bilistane.

Moraliseringa, som eg tolkar som ein type sosial disiplin, vert også kritisert av desse to. Den tydelege kritikken mot disiplinerande logikk viser at debattantane verdsett at folk har moglegheiter til å ta eigne val, heller enn at staten skal tvinge særleg økonomiske tiltak over dei. Bastholm og Meland fokuserer meir på tiltak i tråd med belønningslogikk, som at subsidiar og momsfriftaka som finnast i dag, gjer at ein også på bygda kan køyre elbil.

Dei mindre synlege logikkane

Innan forenklingslogikken var det berre to argument som stod ut, Bastholm (MDG) som vil gjere det enklare for folk å gjere små endringar og Slagsvold Vedum (SP) som legg fram to konkrete forslag til klimatiltak (Haugseth, 2014). Det er lite forenklingar og heller meir abstrakte diskusjonar om elite og folkeopprør, som på sin måte gjer debatten mindre folkeleg, på tross av fokuset på folket (.

Marknadslogikk vert synleg når debattleiaren og Bastholm (MDG) trekk fram at klimaendringane først påverkar bøndene, fordi naturen er deira ”råvare” som dei treng for å tene peng. Ein kritikk mot marknadslogikk skjer når Slagsvold Vedum (SP) og Helgheim (FrP) kritiserer at gjennomsnittsløna blant Tesla-eigarar er særdeles høg, og difor utilgjengeleg for folk. Slik vert ikkje ”rett pris for rett handling” noko som gjeld alle, og ein kan sjå

moraliseringa som Vedum trekk fram vert assosiert med ei “el-bil-elites” som har moglegeheitene til å kjøpe seg “grøn samvittigkeit”.

Kunnskapslogikk er i liten grad synleg i debatten, til forskjell frå det Haugseth et al. fann i si studie (2016). Det er i hovudsak Bastholm (MDG) som kritiserer Slagsvold Vedum (SP) for å skape forvirring om korleis ein kan bidra til å minske klimaavtrykk. Slagsvold Vedum (SP) presiserer også hans forslag om å innføre CO₂-fond i næringslivet, er på bakgrunn av kunnskap frå ‘Transportøkonomisk Institutt’ som seier det er meir effektivt enn avgiftsauke. Elles er det ikkje noko argument som inneber at ein ønskjer meir forsking, som ein kanskje skulle forventa. Men det kan også vere at det ikkje kom som naturleg tema i denne debatten, eller at ein har eit større fokus på å setje i gang handling heller enn å utsetje det på grunn av forsking.

Den teknologisk orienterte logikken har også vore lite framme, der det særleg er snakk om behov og auka mengd av ladestasjonar i distrikta. Kritikken frå Henriksen frå Nordnorsk Redaktørforening, var at el-bilane ikkje fungerer lengst nord i landet fordi dei ikkje er utvikla til å tolle lengre distansar og kulde, blant anna. Slik som med kunnskapslogikken, som er ein meir framtidsretta logikk i at dei begge er basert på prinsipp om utvikling, så er ikkje dette eit fokus i debatten.

5.1.1 Er dei ti klimalogikkane tilstrekkelege for å forklare mine funn?

Den industrielle logikken er - i tråd med Haugseth et al. si forsking – den som utpeiker seg i klimadebatten og i Debatten-episoda, medan den nye teknologiske logikken til motsetnad *ikkje* hadde ein viktig plass (2016). Den grøne logikken er på mange måtar sentral, når eg likt Haugseth et al. ser på minsking av klimaavtrykk som eit prinsipp (fordi det bevarer og verdset naturen) (2016). Men eg har problematisert at klimatiltak ikkje alltid er naturvenlege – og det spørst korleis ein forstår klimaendringar med tanke på å bevare naturen.

Elles er også *tradisjon* ein verdi som kjem fram i debatten, gjerne gjennom kritikk mot å ete mindre kjøtt og auke bilavgifter. Å “kunne ete kjøttkakemiddag med god samvittigkeit” blir brukt i debatten som symbol på tradisjonane, og diskusjonane handlar om i kva grad ein *bør* krevje endringar i folk sine privatliv rundt middagsbordet. Her er også Helgheim (FrP) tydeleg i hans støtte til det gode norske kosthaldet og landbruket, og Slagsvold Vedum (SP) også i mot ei “demonisering av kjøttmiddagar”. Den kritikken desse to fremjar om det dei ser som ei

herskande førestilling i samfunnet, kan verke å ha ein tradisjonell logikk bak seg og altså ha i større grad tilhøyre til ein av Boltanski og Thévenot sine generelle verdiordenar: den heimlege verdiordenen (2006: 241-251). Haugseth et al. har sjølv utvikla den disiplinerande logikken med inspirasjon frå denne, men eg meiner at desse argumenta har meir med den originale verdiordenen å gjere. Tradisjonen og det som skjer innan “husets fire veggar” vert det ledande prinsippet.

I mine data vert blant anna, gjennom debatt om moralisering og politisk korrektheit, det synleg at individets rett til å ta eigne val, ein viktig verdi. Det er jo kanskje ein allereie godt kjend verdi i visse politiske ideologiar, som liberalismen, men eg vil seie at verken verdiordenane eller dei ti klimalogikkane har dette fokuset. Det nærmeste eg kan tenkje meg er verdiordenen for berømtheit, som er meir individbasert i sine prinsipp, eller den heimlege verdiordenen.

5.2 Representasjonane av folket i Noreg og klimasaka

Den tydelegaste representasjonen og som skilte seg mest ut var Slagsvold Vedum som fortalte om det *folkelege opprøret*. Debatten-episoda opna med å male eit bilet av Vedum som leiar av eit folkeopprør. Han vert som ein talsperson for ein gruppedanningsprosess, likt Jørgensen og Phillips si definisjon av representasjon, og verkeleggjer gruppa (dei som identifiserer seg med folkeaksjonen) med å setje ord på den (1999: 56-58). Frå å opprinneleg vere ei gruppe av “ulvemotstandarar”, har han evna å utvikle den til å omhandle noko meir og å nå andre felt slik som klimadebatten – gjennom ein folkeaksjon med ein gruppeidentifikasjon basert på motstand mot politisk korrektheit (Jørgensen & Phillips, 1999:58). Krogstad ser at politisk korrektheit vert assosiert til kultureliten, men her verker det som det vert assosiert til ein breiare eller annleis elite (2019). Slagsvold Vedum knyt særleg moraliseringa av kjøtforbruk og bilforbruk som klimatiltak til politisk korrektheit, som kanskje det er snakk om ein “klimaelite” han kritiserer?

Ein kan sjå eit konfliktmoment i representasjonen til Slagsvold Vedum (SP), fordi han både representerer bøndene som er avhengige av naturen sin stabilitet, samstundes som dei også har klimautslepp særleg i storfeproduksjon. Det er å velje mellom “to onder” å kutte ned kjøtproduksjon for klimaet eller halde fram med produksjon og ikkje kutte klimautslepp. Vedum si forståing er at storfeproduksjonen ikkje er verst for klima og ikkje det viktigaste å kutte ned, som balanserer konflikta og gjer at han kan oppretthalde representasjonen.

Meland (kom. VG), Holm Lønseth (H) og Bastholm (MDG) er alle ueinige og gir ein representasjon av større einigheit i befolkninga og i distrikta, og vert den hegemoniske i den diskursive kampen i programmet (Bratberg, 2017: 46-48). Debattantane ser på det som ein måte for Slagsvold Vedum å skape splitting og få merksemd på. Helgheim (FrP) meiner heller ikkje at det er eit opprør, men at det *bør* vere det på bakgrunn av den same kritikken som Slagsvold Vedum (SP) har fremja om moralisering av kjøtforbruk og i ulvesaka. Her er altså eigentleg tre ulike representasjonar frå konkurrerande diskursar som kjemper om hegemoni (Jørgensen & Phillips, 1999: 47-61).

Eg har også sett at det er ein diskursiv kamp om korleis ein skal forstå klimaendringane i Debatten-episoda (Bratberg, 2017: 46-48; Jørgensen & Phillips, 1999:53). Representasjonen av klimaendringane som Bastholm (MDG) står for, er den som ser mest alvorleg på saka. Gjennom programmet argumenterer ho for at folk kan gjere små endringar for å minske klimaavtrykk, og at klimaendringane er noko *alle* har ansvar for. Politikarane skal legge til rette for dette, men ho legg eit større ansvar på at folk må ta ansvar og sjå alvorlegheita. Denne representasjonen vert ikkje direkte utfordra – som sagt kan ein sjå at klimaendringane som menneskeskapte er ei hegemonisk forståing (Swensen, 2013). Men ved at Helgheim (FrP) ikkje ”tek del” i representasjonen, kan ein sjå at det er andre forståingar av saka. Hans argumentasjon er ikkje prega av å gjere endringar, men heller at folk skal få velje sjølv kva ein trur og vil handle etter. Slik gjer han ein representasjon av klimaendringar som lite viktige.

5.3 Korleis samsvarar representasjonane og logikkane?

Representasjonane gjev innblikk i ein diskurs, i ei verkelegheitsforståing, og når ein studerer dei kan ein få innblikk i kva som er verdsett for den som gjer representasjonen (Johannessen et al., 2018: 58-59). Representasjonen kan altså gi ein peikepinn på kva verdiar som ligg til grunn, som ein kan tolke i rammene av logikkar og verdiordenar (Haugseth et al., 2016). Logikkane kan ikkje vere hegemoniske, og som vist så bruker aktørane ulike logikkar gjennom programmet, medan ein i den post-strukturelle tradisjonen ser at diskursar kan oppnå midlertidig hegemoni (Jørgensen & Phillips, 1999:47-61). I kampen mellom diskursane der representasjonen av *folkeleg opprør* opp mot *einigkeit* i befolkninga synleggjer seg, kan ein sjå ein kollektiv logikk som ligg bak argumenta (Bratberg, 2017: 46-48, Haugseth et al, 2016). Slagsvold Vedum kritiserer ei splitting og det han ser på som usosiale og straffande klimatiltak, som er ein kritikk

som stammar frå kollektive verdiar som solidaritet og fellesskap. Dei andre aktørane verdsett også fellesskapet, som vist i analysa når Holm Lønseth (H) kritiserer Vedum for å skape splitting.

Av dei andre som deler oppfatninga om at det *ikkje* finnast eit opprør, er det tre av dei som særleg meiner at Slagsvold Vedum (SP) prøver med dette å gjere seg meir bemerka og skape interesse for partiet. Dei argumenterer då ut i frå den forbilledlege logikken, men også den sitt opphav - nemleg verdiordenen for berømtheit. Dei *kritiserer* altså det legitime i denne logikken og verdiane som ligg under fordi dei meiner han utnyttar det å vere kjend og å skape blest rundt seg sjølv, til å fremje eit usant bilet av verkelegheita. Dei kritiserer at han sin representasjon skal kunne bli opinionsdannande, og at han gjennom sine handlingar med talar og intervju fremjar denne uriktig.

Den grøne logikken ligg som sagt latent i dei argumenta som støtter under å sjå på klimaendringane som så alvorlege, at ein både på individnivå og på eit strukturelt nivå må gjere handlingar og endring ut i frå det. Bastholm (MDG) er den som representerer klimaendringane som mest alvorleg, og bruker i stor grad ein kollektiv logikk i å både legge ansvar på både folk og politikarar, og i å fremje enkle og små tiltak for *alle*. Ho ser altså på styrken av at alle kan gjere litt, som samla vert av stor betydning. Slagsvold Vedum (SP) ser det som naudsynt med klimatiltak mot klimaendringane og bruker særleg ein industriell logikk for å fremje effektive tiltak, samstundes som han kritiserer disiplinerande tiltak.

I Helgheim (FrP) sine ytringar, tek han ikkje eit tydeleg standpunkt i klimasaka, som har gjort det noko vanskeleg å tolke han sin posisjon. Men i at han snakkar om klimaanleggjande saker som bilparken og kjøtforbruk, gir han som vist likevel eit bilet av synet hans. Som diskutert tidlegare argumenterer han i stor grad for individets sjølvbestemming i det å gjere endringar på bakgrunn av klimarisiko. Mi forståing av representasjonen han gir av eit mindre alvorleg klimaendringsbilete, vert også tydelegare av at han ikkje i noko særleg grad baserer seg på ein grøn logikk. Og med dette som grunnlag, bruker han i større grad ein heimleg verdiorden for å legitimere at desse vala skal takast i det private – til ein stor forskjell frå den disiplinerande logikken til Haugseth et al. som er basert på heimleg verdiorden, men som dei bruker om også statleg innblanding og disiplinering.

6.0 Avslutning

I undersøkinga av hovudproblemstillinga har eg vist at særleg industriell og grøn logikk gjer seg synleg i Debatten-episoda, i tillegg til at disiplinerande logikk vert synleg særleg i kritikken av den. At Slagsvold Vedum fremjar *effektive* klimatiltak samstundes som han kritiserer disiplinerande tiltak som skatt og avgifter, kan tenkjast å vere i tråd med ei individualistisk og liberalistisk strøyming i dagens samfunn. Verdien og det ‘’ukrenkelege’’ ved menneskets valmoglegheiter og friheit i møte med klimaendringane, blir løyst med at effektive og gjerne strukturelle tiltak gjev minst restriksjonar på individet. Elles er dei nye klimalogikkane kunnskapslogikk, teknologisk-orientert logikk og forenklingslogikk frå Haugseth et al. knapt synlege når klimasaka vert diskutert i programmet, og som kan problematisere i kor stor grad desse kan brukast som “‘generelle logikkar’” på same måte som ein snakkar om verdiordenane som generelle.

Den grøne logikken har eg problematisert teoretisk med tanke på korleis ein vurderer klimaendringar opp mot dei grøne verdiane. Ut frå underproblemstillinga som stiller spørsmål om representasjonar og logikkar saman kan gi ei meir kompleks forståing av klimadebatten, kan ein her sjå at representasjonane som uttrykker visse verkelegheitsoppfatningar og verdsettingar ut i frå logikkane heng saman og påverkar kvarandre. Alle debattantane, unntake Helgheim (FrP), uttrykker at klimaendringane er alvorlege nok til at ein bør gjere tiltak, som kan underbyggje ein hegemonisk diskurs i samfunnet om alvorlege og menneskeskapte klimaendringar (Swensen, 2013). Når ein har ei slik forståing av klimaendringar har det også følgjer for kva verdiar ein legg til grunn når ein argumenterer i ein klimadebatt. Ein kan sjå at den grøne verdsettinga gjer seg synleg hos debattantane som følgjer den hegemoniske forståinga av klimaendringar når dei blant anna legitimerer og fremjar klimatiltak, som CO2-fond i næringslivet. Men her vert den teoretiske interne konflikta i den grøne logikken uløyst. Mellom verdsetting av urørt natur og dyreliv og tiltak slik som vindmøllepark er ein igjen avhengig av kva forståing ein har til grunn. Slik vert den ein “‘evig rundgang’” mellom verdsetting og representasjonar av verkelegheita.

Den representasjonen det kanskje var mest kamp rundt var det folkelege opprøret. Her var det for Slagsvold Vedum (SP) heilt klart at dette var realiteten, medan dei andre ikkje såg

ulvedemonstrasjonen og kritikken mot moralisering og politisk korrektheit, som eit folkeopprør. Sjølv om Vedum var i mindretal med si oppfatning, underbygga han den med kjende distrikt-mot-by-saker som sentralisering og ulvesak, og viste til kollektive verdiar som debattantane elles også hadde oppslutning om. Den politiske korrektheita som opprøret skulle vere mot vart av fleire tileigna venstresida i politikken og ein kan sjå at kritikken frå den meir liberale høgresida i tråd med denne ideologien, omhandla å ikkje på nokon måte styre vala til individua i befolkninga.

Korleis desse ideologiske strøymingane i samfunnet påverkar måten vi forheld oss til klimaendringar er noko ein kunne forstå vidare på, for å få ei forståing av kva klimatiltak som vert møtt med aksept og motstand. Grunnlaget for forskinga vert kanskje for normativ og vanskeleg å gjennomføre med ein god forskingspraksis, men samstundes vil eg argumentere for at samfunnsforskinga har ei rolle i utvikling av samfunnet ved å gi eit godt og *relevant* kunnskapsgrunnlag. Utover denne bacheloroppgåva kunne det også vore interessant å sett meir på særleg representasjonen av det folkelege opprøret og gjerne i samanheng med andre studiar om elitar, sentrum-periferi-konfliktar, og korleis ulvesaka og klimasaka heng saman. Eg tenkjer det hadde vore interessant å sett om det er noko av dei same konfliktforholda i ulve- og klimasaka, og korleis desse to vert brukt i distrikt-samanheng – om det handlar om kritikk mot strukturelle forhold, slik som oppleving av maktovergrep eller økonomiske overtramp. Eg har også vore inne på tanken av korleis ei kvantitativt studie kunne tatt føre seg særleg desse strukturelle og økonomiske forholda, og kva moglegheiter distriktsfolk versus byfolk har spesielt med tanke på klimavenlege val. Ein kunne då tileigna seg eit grunnlag for å seie om det er strukturelle eller kulturelle forhold som gjer at det ikkje passar eller er vanskelegare å gjere klimavenlege endringar på bygda.

Litteraturliste

- Arnslett, A., Bjørnæs, C. & Lannoo, E. (2018). *Effektiv klimakommunikasjon – Trender og fakta 2018.* (CICERO Rapport 9/2018). Henta frå: <https://pub.cicero.oslo.no/cicero-xmlui/bitstream/handle/11250/2557626/Effektiv%20klimakommunikasjon%20-%20Def%20-%20WEB.pdf?sequence=5&isAllowed=y>
- Bakken, L. Ø. (2019, 24. jan.). Makteliten flyr opp mot 1500 privatfly til Davos for å diskutere klima. *NRK.* Henta frå: <https://www.nrk.no/urix/makteliten-flyr-opp-mot-1500-privatfly-til-davos-for-a-diskutere-klima-1.14395482>
- Barndon, M. (2019, 22. jan.) Nordmenn er informert, men ikke alarmert om klimaendringer. *Forskning.no.* Henta frå: <https://forskning.no/klima-partner-universitetet-i-bergen/nordmenn-er-informert-men-ikke-alarmert-om-klimaendringer/1282183>
- Boltanski, L. & Thévenot, L. (2006). *On Justification. Economies of Worth.* (C. Porter, Engelsk overs.). Princeton: Princeton University Press.
- Bratberg, Ø. (2017). *Tekstanalyse for samfunnsvitere.* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Bugge, A. B. & Alfnes, F. (2018) *Kjøttfrie spisevaner – hva tenker forbrukerne?* (SIFO Rapport 14). Henta frå: <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/SIFO/Publikasjoner-fra-SIFO/Kjøttfrie-spisevaner-hva-tenker-forbrukerne>
- Eikhaug, J.I. (2008). *Fortjener jeg min millionlønning? En studie av hvordan norske toppledere legitimerer lederlønn* [Mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen]. Henta frå: <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/3245/53446647.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Eriksen, N. (2019, 25. jan.). Tordner mot «klimaeliten» i Davos: -Folk er lut lei. *Dagbladet.* Henta frå: <https://www.dagbladet.no/nyheter/tordner-mot-klimaeliten-i-davos---folk-er-lut-lei/70690211>

Finansdepartementet (2018) *For budsjettåret 2019 - Statsbudsjettet*. (Prop. 1 S Gul bok 2018-2019). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-gul-bok-20182019/id2613810/sec1>

Haugseth, J. F. (2014). Forenklingens verdiverden. I *Tidsskrift for samfunnsforskning*. 55(4). s. 440-469. Henta frå: https://www.idunn.no/tfs/2014/04/forenklingens_verdiverden

Haugseth, J. F., Huseby, V.B. & Skjølvold, T. (2016). Ti klimalogikker – en kvalitativ analyse av klimatiltak i norsk offentlig debatt (2007-2013). *Tidsskrift for samfunnsforskning*. 57(3). s. 285-314. Henta frå: https://www.idunn.no/tfs/2016/03/ti_klimalogikker_-en_kvalitativ_analyse_av_klimatiltak_i_n

Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W., & Rasmussen, E. B. (2018) *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jørgensen, M. W. & Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag

Kristiansen, N. (2017, 21.sept.). Sunt å være skeptisk til forskning. *Forskning.no*. Henta frå: <https://forskning.no/redaktoren-har-ordet-om-forskning/sunt-a-vaere-skeptisk-til-forskning/1162193>

Krogstad, A. (2019). Eliten vi elsker å hate. Mediekonstruerte myter om svensk og norsk kulturelite. I *Tidsskrift for samfunnsforskning*. 60(1). s.5-29. Henta frå: https://www.idunn.no/tfs/2019/01/eliten_vi_elsker_aa_hate_mediekonstruerte_myter_om_svensko

Larsen, H. (2013). *Den nye kultursosiologien*. Oslo: Universitetsforlaget.

NRK (2019, 10. januar). Elitetenking. *Debatten*. [TV-program]. Henta frå: <https://tv.nrk.no/serie/debatten/201901/NNFA51011019/avspiller>

Swensen, E. F. (2013). Rammer for handling? Klimaskeptikere i den norske klimadebatten. I *Sosiologisk tidsskrift* 21(2). S. 133-151. Henta frå: https://www.idunn.no/st/2013/02/rammer_for_handling_klimaskeptikere_i_den_norske_klimadeb

Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. (3.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk

Westhrin, V. (2019, 10.feb./29.mars). Gunnhild Stordalen forstår kritikken: -Det er et paradoks.

NRK. Henta fra: https://www.nrk.no/urix/gunnhild-stordalen-forstar-kritikken_-_-det-er-et-paradoks-1.14415587

